



Bildemontasje av Norgesmeister og Norges Cup-vinnar 2014 Sunniva Eik Haave

**Sunniva Eik Haave frå Oslo klatreklubb gjekk i helga heilt til topps i klatring innandørs då NM vart arrangert i Sunnmørshallen i Ålesund. Ho vart og vinnar av Norges-Cup 2014 samanlagt. Ho klatrar i klassen for eldre junior. Sunniva er dotterdotter til Liv og Audun Eik, og ho har såleis sterke røter i Uskedalen.**

Sunniva har i fleire sesongar hevda seg i Norgestoppen i sin klasse. Den siste tida har ho hatt svært god utvikling, og ho har fått fleire førsteplassar i stemne med heile Norgeseliten på plass. Denne helga var eit naturleg høgdepunkt då ho gjekk til topps i NM samstundes som ho sikra sigeren i Norges-Cupen samanlagt. Konkurransen var knivskarp, og både Sunniva og den hardaste konkurrenten klatra begge heilt il topps i klatreveggen i Sunnmørshallen.

Ved å klikke på linken <https://www.youtube.com/watch?v=rUnUJPyhUxo&feature=youtu.be> kan vi følgja Sunniva på veg opp klatreveggen mot NM tittel i finalen. De finn henne 6 timar og 13 minutt ut i opptaket.

Sunniva satsar naturleg nok hardt på idretten sin og mykje trening ligg til grunn for dei imponerende resultatata. I haust har ho mellom anna delteke på to treningsleirar i utlandet. I haustferieveka var ho i Frankrike, og nyleg vart ho utteken til å vera med NTG på ei treningsveke i Tyrkia.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat